
Fra: Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>
Sendt: 10. november 2015 16:40
Til: Postmottak Meland
Emne: Klage - flytting av oppdrettsanlegg i Herdlefjorden

KLAGE – FLYTTING AV OPPDRETTSANLEGG I HERDLEFJORDEN

Underskrivne er ein mann på 73 år, og har drive fiske til eige forbruk her ved Holmeknappen sidan eg var liten gutt – med unnatak av 11 år då eg budde andre stader i landet.

Då dette oppdrettsanlegget vart etablert på Laksevika, førde det til stor endring for oss fritidsfiskarar. Før kunne me få eit par pigghaar når me hadde line nede på 200-300 meters djupne ved Holsberget. I dag kan me knapt ha fiskereiskap i sjø grunna stor pigghå.

Eg freista å setja ut eit lyragarn sist for tre år sidan på 30 meters djupne på nordsida av Knappen. Det resulterte i om lag 70 kg med stor pigghå. Jamvel greidde ein av desse ufyselege fiskane å stikka meg, så eg til slutt måtte oppsøkje lege med opphovna hand (det er gift i piggane på ryggen). Pigghåen skal visstnok no vera freda.

Medio oktober i år hadde eg ute fire krabbeteiner her ved Knappen. Pigghåen hadde vore inne og laga fleire hòl i heilt nye teiner.

Det einaste fisket me kan driva med, er dorging med årabør etter lyr om hausten. Men kona skvatt i robåten då ho trudde dorga var fast i botn nordom Børgavlen ; men eg visste at det var 200 meters djupne der, og at fangsten var ein stor pigghå.

I fjor fekk eg fleire makrellar som var fleire kilo tunge – truleg ete seg feite ved oppdrettsanlegget. Desse måtte sjølvsagt kastast. No har eg flytta fiskebåten min til lo ; og fiskar i området ved Herdla. På Knappen er det håplaust å fiska.

I vedtaket frå UDU ser eg at kommunen krev konsekvensutgreiing. Ja, dette er konsekvensar for meg, ved å ha eit oppdrettsanlegg på Laksevika.

Om dette anlegget vert flytta til Børgavlen rett sørom Knappen og gjort tre gongar større, vert nok konsekvensane for oss fritidsfiskarar truleg endå større enn i dag.

På den positive sida ved flytting av anlegget til Holsberget, vil eg nemna følgjande : Det er elendige hamneforhold på Holmeknappen særleg i vinterhalvåret. Vonaleg vil ei slik plassering kunna dempa ned uvér som kjem frå sør.

Til slutt vil eg nemna eit underleg djupne-fenomén tett inntil Børgavlen. Ser ein på dei siste utgåvene av sjøkartar, så forsvinn plutselig fleire djupne-kotar i « lause sjøen » (eg tok kystskippar-eksamen for to år sidan , så eg har litt peiling på slikt). Eg har vore nær land med ekkolodd som sler 300 meter ned ; men fann ikkje botn. Sjølve Børgavlen er så slett som « støp », og legg ein seg heilt inntil fjellet , ser ein at dette går innover mot djupna.

Min teori er at det er ei svært djup hòle som delvis går innunder Børgavlen og delvis rett utom neset. Det er utanfor denne « hòla » og ut mot fjorden at oppdrettsanlegget er tenkt plassert.

Stadnamnet Børgavlen kjem av « Børo » som ligg eit par hundre meter lengre sør (ho ser ut som ei høybøre – berre så mykje større). Børgavlen tyder altså den rette fjellveggen (gavlen) som ligg nær Børo. Me finn dette namnet att på Herdla : Herdlegavlen.

Holmeknappen, den 10. november 2015

Ture Andersen

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10